



Norconsult AS  
Astrid Rongen  
Postboks 626  
1303 SANDVIKA

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/2347 - 20/80226

Saksbehandlar:  
Ole Martin Bolset  
ole.martin.bolset@alver.kommune.no

Dato:  
17.12.2020

## **Tilbakemelding etter dialogmøte for detaljregulering Alverstraumen kai**

13.11.2020 vart det gjennomført dialogmøte, på Microsoft Teams, angående detaljregulering for Alverstraumen kai, planID: 1263-201213.

Følgjande var til stades:

Alver kommune:

- Øyvind Helland Oddekalv
- Anne- Grete Eide
- Siri Therese Sylta
- Marianne Aadland Sandvik
- Ole Martin Bolset

Statens vegvesen:

- Sindre Lillebø
- Ingelin Garden
- Frode Moen Aarland

Vestland fylkeskommune

- Hege Løtveit
- Silje Svanevik-Røren
- Tone Bøyum

Fylkesmannen i Vestland:

- Egil Hauge
- Hege Brekke Hellesøe

Kort oppsummering frå dialogmøtet:

Trafikktryggleik vart særleg diskutert, både kryssløysing og gang- og sykkelveg. Trafikktryggleik må vurderast i ROS-analyse, og den må vise at det er forsvarleg med fleire bustadar her, særleg med tanke på trygg ferdsel langs vegen.

Det vart konkludert med at planen har store manglar, og at det difor ikkje var fornuftig å diskutere konkrete løysingar på noverande tidspunkt. ROS-analysen må oppdaterast og vurderingar kring støy, strandsone, landskap og barn og unge må gjerast og leggest til grunn når ein vel omfang og løysingar i planen.

Fylkesmannen i Vestland framjar motsegn til planforslaget slik det ligg føre no. Motsegna er knytt til manglar i ROS-analysen, manglande vurderingar kring strandsone, landskap, støy og barn og unge.

For ein grundigare oppsummering og endeleg motsegn frå Fylkesmannen i Vestland sjå referatet frå dialogmøtet som ligg vedlagt.

#### Konklusjon:

Detaljregulering for Alverstraumen kai har vore ute til offentleg ettersyn. Det er kome inn motsegn frå Fylkesmannen i Vestland og Vestland fylkeskommune.

Statens vegvesen har valt å ikkje fremje formelt motsegn til planen, dette vart informert til Fylkesmannen i Vestland via e-post den 17.11.2020. Statens vegvesen skreiv følgjande i denne e-posten:

«Viser til dialogmøte fredag 13. november der bla.a detaljregulering for Alverstraumen kai var tema.

Vårt brev av 29.05.2020 blir å betrakte som vår faglige uttale og tilråding i saken. Det vil ikke bli fremmet formell innsigelse fra Statens vegvesen jfr. fristen på 14 dager etter dialogmøte.»

Fleire av dei tema som Statens vegvesen varsla motsegn om er overlappande av Vestland fylkeskommune sine motsegn som fortsatt står. I realiteten er lite endra sjølv om Statens vegvesen ikkje fremjar formelt motsegn til denne detaljreguleringsplanen.

#### Vegen vidare:

Dialogmøtet førte ikkje til ei løysing av motsegna som vart varsla og sendt inn.

Administrasjonen ber plankonsulent og tiltakshavar å sjå over motsegn og merknadar som er kome inn, og ut frå desse sjå om planen vil kunne vere realiserbar frå tiltakshavar si side. Vi ber om ei tilbakemelding på om tiltakshavar har ønskje om å gå vidare med saken.

Administrasjonen ser på reguleringsplanen som utfordrande, og ser det som sannsynleg at ein må avslutte saken. Dette med tanke på dei tilbakemeldingane ein har fått i perioden for offentleg ettersyn og høyring. Trafikktryggleik-messig har planen og området rundt store utfordringar, og området kan tolkast til å ikkje vere modent for ei så stor utbygging som tiltakshavar ser for seg i dette planarbeidet. Alver kommune har òg eit ønskje om å kun vedta reguleringsplanar som er realiserbare i relativt nær framtid.

Vi ber om ei tilbakemelding i løpet av januar 2021.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Ole Martin Bolset  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Samordna uttale med motsegn - Offentleg ettersyn - Alverstraumen kai - FMV

**Mottakarar:**

Norconsult AS  
Sverre Larsen

Postboks 626

1303

SANDVIKA